

Vern Vinda

Vinde-vassdraget i Øystre Slidre i Valdres er av dei siste frittrennande vassdraga i Oppland. Med sine fem vakre fossar og ei samla fallhøgde på 235 meter er elva ei attraktiv perle, men hardt truga av kraftutbyggingsinteresser.

Planane er å føre det meste av vatnet vekk frå sitt naturlege løp, gjennom tunnel til Heggenes og hovudvassdraget i Øystre Slidre. Utbygginga er ikkje utan vidare lønsam, men svært ressurskrevjande å gjennomføre. Det påfører naturen påkjenningar i høve endra klima, varierende vasstand og frostrøyk i hovudvassdraget. Det gjer viktigaste drikkevasskjelda i kommunen sårbar. Det endrar kulturlandskapet, påverkar sjølvsagt økologien m.a. med opplagt fare for å spreie åbor, noko som i seg sjølv er miljøkriminalitet. Det trugar jordvernet og det trugar 8 raudlistearter langs elva. Det naturlege tilsiget av vatn frå Vindevassdraget avgjer grunnvasspegelen og er i fylgje forskarar avgjerande for jordbruksavlingane i Hegge-bygdene.

Tilgangen på ny grøn energi frå Vinda (0,4 promille) vil heller ikkje vere eit vesentleg bidrag nasjonalt. Kraft- og utbyggingsinteressene står i skarp kontrast til synet på natur-, rekreasjons- og kulturverdiane i Venstre. Ei utbygging er så definitiv: Det set stoppar for å kunne utnytte området som ein unik ressurs. Elva og fossane sine særeigne naturopplevingar har potensiale i eit turistområde, og som politiske forvaltarar av fellesverdier kan ein ikkje kappe dei siste sjansane til å oppleve opprinneleg natur for komande generasjonar. Krafta ein får ut av dette står ikkje opp imot ulemper, forbruk av ressursar under utbygging eller kjende og ukjende konsekvensar.

Venstre set stor lit til at klima- og miljøminister Ola Elvestuen tenkjer heilskap og vernar denne perla som ligg i vårt distrikt, men representerer verdier som er så viktig for heile landet vårt.

Valdres Venstre